



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1946

Namnet på vatnet

Rogalandsvatnet

Kommune .....

Finn

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## U A L A N D S V A T N E T

### Fiskeanalysen vart foreteken den 20. aug. 1975.

Vatnet ligg i Lund kommune, nærare stadfest på austsida av E 18, mellom Heskestad og Ualand st.

Arealet er omlag 50 ha. og h.o.h. 188 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men der er store grunnlendte partier nær land, sjølv om det sikkert vil vera eit vesentleg djup på sine stader utpå.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Botntilhøva er steinstrand som går over til gjørme på djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsone.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark med spredt lauvskog og noko snaufjell.

Hovudtilsiget "Djupodalsbekken" fell inn i nord. Forutan denne fell det inn fleire mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i sør og går til Heskestadvatnet.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH er målt til 5.3 som er godt brukande for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 40 mg/l og den totale hardheita 3.5 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne  $K_{18} = 33.8$ .

Gjennomstrøyminga er liten.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 3 muslingar, 1 fåbørstemark, 1 vannkalv og 1 mygglarve tilsvarande 60 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 3 fjærmygglarver og 2 mygglarver - i alt 50 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at det er lite med næringsdyr i vatnet. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar. Her vart det funne plankton, fjærmygglarver, myggpupper, buk-svømmere, vannkalvbille, vannkalvlarve og vårflugelarver.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov. Horisontaltrekket var ein rik prøve og vertikaltrekket må karakteriserast som medels rikt.

#### Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 16 aurar og 6 røyr.

Fordeler vi heile fangsten på omfara får vi denne grafiske fram-syninga.



Fordeler vi fangsten på Cm-klassar vil ei grafisk fråmsyning sjå ut som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av dei 16 aurane vi fekk og av desse var der 9 hanfiskar og 7 hofiskar.

11 fiskar var røde og 5 lys-røde i fiskekjøttet.

Ingen av aurane var angripne av parasittar.


Vidare var alle fiskane gjellfisk (ingen av fiskane hadde gytt eller ville ha kome til å gyte dette året).

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	4.4	9.4	15.9	20.8	25.0
Årleg lengdetilv. i cm	4.4	5.0	6.5	4.9	4.2
Antall fiskar	16	16	16	15	8

Medel kondisjonsfaktor = 1.04 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Ualandsvatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år) vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Som vi her vil sjå, syner auren i Ualandsvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst. Vanlegvis er det 25-30 fiskar som danner bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så då vi her berre har 16 ungfisk er det uvisst om dette er representativt for auren i vatnet, men ein viss peikepinn vil det gi.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og med eit aurebestand som ser ut til å vera litt i underkant av vatnet si bæreemne. Tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er desse godt brukande for aure og røyr, sjølv om pH er noko låg og kalkinnhaldet lite. Botnprøvene og planktonprøvene gav eit noko magert resultat, men omfarfordelinga og cm-klasseinndelinga syner fisk av ymse årgangar og storleikar.

Vekstkurven og K-faktoren tilseier god vekst og fin fisk.

Som kjent er det nedslagsfeltet som i stor monn er avgjerande for næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringsgrunlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Ualandsvatnet består for ein del av kultivert mark og dette dreg i positiv lei. Men her er og ein del tilsigfrå snaufjell og myr, og som før skuld sur nedbør, fører surt vatn. Dette blir for ein del nøytralisert i Ualandsvatnet og vi får godt brukbare tilhøve for fisken.

Ser vi på fiskane vi fekk, så syner det seg at alle fiskane var gjellfisk og ved å gå over den beste gytebekken "Djupedalsbekken" så var det her mest ikkje yngel og småfisk å sjå. Det er såleis ting som tyder på at den eldre gytefisken har vorte for hardt skatta, kanskje ved fangst på gytebekkene om hausten, slik at det av denne grunn blir små årgangar med yngel og småfisk som kjem ut i vatnet.

Då der er røyr i vatnet, kan det og godt vera at røyra er i framgang og auren på tilbakegang. Det er ofte den vegen det vil gå, der desse fiskeslaga er i blanding, om ein ikkje driv eit hardt garnfiske etter røyra for å halde denne i sjakk.

#### Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane går saman om å skipe eit grunneigarlag (fiskelag), då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, medan grunneigarane sjølv har ein retten til garnfiske. Ein vil ved å starte eit fiskelag få betre kontroll over vatnet samstundes med at grunneigarane vil få litt inkomer til kultiveringstiltak eller liknande.

Vidare vil vi tilrå, at fisket etter røyra blir intensivert noko i åra framover. Ein må her lokalisere gyteplassane og setje garna her ved gytetider om hausten. Røyra har som kjent stor formerings-  
emne, og lett for å bli dominerande, om ein ikkje driv eit hardt garnfiske.

Når det gjeld auren, så er det heilt framifrå gode gyteplasser i "Djupedalsbekken". Denne bekken åleine vil fullt ut kunna sikre ei tilfredstillande rekruttering. Ein må for all del gjera sitt beste for at ikkje bekken blir forureina, då den i stor mon er avgjerande for aurebestandet i Ualandsvatnet.

Vidare må ein la fisken få fred på gytebekkene om hausten. På denne måten vil aurebestandet ta seg opp, samstundes med at røyra blir hardare skatta, og ein vil kunna få fram ein blanding av fin fisk av begge desse fiskeslaga.

Underskrivne vil vera hjelpesam med å starte eit fiskelag, om det er av interesse.

Stavanger den 5. mars 1976

Einar Berg